



Fylkesmannen i Hordaland
v/Cathrine Tvedt Lorentzen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6840 - 16/10856

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

25.04.2016

Tilbakemelding frå Lindås kommune på framsett krav om dekning av sakskostnadar - gbnr 138/21 Tveiten øvre

Lindås kommune viser til brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 15.03.2016, der kommunen har fått sakskostnadskrav frå advokat Lars Selmer Alsaker til uttale. Lindås kommune har seinare fått utsett frist til 25.04.2016 for å komma med uttale til kravet.

Det følgjer av fvl § 36 at ein part kan få dekka «vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket». Det er sett fram eit krav på kr. 48 250 eks. mva,- for dekning av utgifter til advokat og arkitekt for oppfølging av klagesaka.

Lindås kommune sine merknadar til kravet, gjeld i all hovudsak storleiken på det kravet som er sett fram:

- Tidsbruk som er ført opp etter at Fylkesmannen i Hordaland fatta sitt vedtak datert 31.08.2015 og 26.02.2016 er ikkje innanfor det som har vore nødvendig for å få endra vedtaket, og kan såleis ikkje krevjast dekka.
- Det må også skiljast mellom dei utgiftene som parten har hatt i samband med realitetshandsaminga av klagen, og dei forholda som gjeld klagen på avvising av vedtaket. Ut i frå den innsendte timelista, er det vanskeleg å skilje mellom den tidsbruk som er knytta til klage på avvising og oppfølging av denne, kontra klage på realitetshandsaming av klagen.
- Vidare vil Lindås kommune vise til at utgifter i samband med dekning av sakskostnadar ikkje har vore nødvendig for å få endra Fylkesmannen sitt vedtak datert 26.02.2016
- Når det gjeld skriv til Fylkesmannen datert 02.02.2016, kan ikkje Lindås kommune sjå at det har vore så omfattande at det kan krevjast dekning for 3 timars arbeid a kr. 8 700,-, inkludert korrespondanse med arkitekt datert 01.02.2016 og utkast til skriv til Fylkesmannen den 26.01.2016. Det skrivet som er sendt til Fylkesmannen 02.02.2016 er ein e-post, der innhaldet i all hovudsak er frå arkitekten. I tillegg til kravet frå advokat Alsaker, er det også krevd dekning for dei utgiftene

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



arkitekten har hatt i samband med innsending av denne e-posten. Dette er dobbelfakturering av same forhold. Her er Lindås kommune sin vurdering at kravet må reduserast betydeleg.

- Purringer og oppfølging av kommunen, er ikkje å rekna som «nødvendig» for å få endra vedtaket.
- Det må og leggest til grunn at Fylkesmannen – som klageinstans - er kjent med regelverk og praksis på området, dette skulle det derfor være unødvendig å bruke tid å ressurser på å bearbeide og vedlegge for Fylkesmannen. En slik vidløftiggjøring av saken kan ikke vær nødvendig.
- I denne saka er det samla kravet, inkludert sakskostnadane i samband med klagen på avvisingen, kr. 81 175,- eks. mva. Vurdert ut i frå at det er eit enkelt rettsgrunnlag og faktum i saka, framstår kravet som urimeleg høgt. Lindås kommune forutset at ein advokat med god kjennskap til rettsområdet, kan arbeide meir effektivt og at tidsbruken står i forhold til timepisen.

Kravet slik det er sett fram er svært høgt vurdert opp mot kva saka gjeld. Saka gjeld klage på eit gebyr i ei byggesak. Både det rettslege grunnlaget og faktum er enkelt i denne saka. Det kravet som er satt fram er høgt, og ligg på eit nivå som kan samanliknast med dei kostnadar ein får ved hovudforhandling ein dag i retten, inkludert før- og etterarbeid. Lindås kommune kan ikkje sjå at saken har vore av ein slik kompleksitet, at kravet skal vera av denne storleiken.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Stenstrup
Stordrange DA v/Lars Alsaker

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland